

# Innspel frå fagkoordinator om buavdelinga på sjukeheimen

Har lagt meg merke i at det i budsjettet er foreslått å legge ned 8 sjukeheimslassar på buavdelinga. Kvifor akkurat buavdelinga blir sett på som "det naturlege valet", forbausar meg.

Eg vil kome med nokre grunnar til kvifor akkurat buavdelinga er eit lite gjennomtenkt val for nedlegging.

1. Buavdelinga ligg i den nyaste delen av sjukeheimen. Det vil seie at romma og fasilitetane på denne sida av bygget har nyast bygningsmasse og i best stand. Det er også på denne sida av bygget det er lagt til rette med sjakt for avfall og lintøy.
2. Buavdelinga ligg i 3. etasje med panoramautsikt over Hareid sentrum og innover Sunnmørsalpane. Utsikta som dette skapar trivsel for dei som bur med oss. Det sikrar også eit godt klima for oss tilsette ved avdelinga.
3. Buavdelinga har store overbygde balkongar som bebuarar kan bruke, heile året. Moglegheita for frisk luft er viktig heile livet.
4. Med tanke på det aukande talet pleietrengande med demens og behov for skjerming. Buavdelinga har allereide laga klar dørlåsar, slik at ein i framtida har moglegheita til å stenge dører for skjerming. Vi ligg også rett ovanfor skjerma avdeling, som gjer samarbeidet lett og naturleg imellom einingane.
5. Buavdelinga er det naturlege valet for bebuarar som treng langtidslass, og skal leve resten av livet på sjukeheimen. Vi er ikkje mindre viktige enn korttidsavdelinga eller skjerma.

Eg har mine kollegaer i ryggen når eg skriv dette. Eg ønsker at dei som skal ta desse avgjerdene, snakkar med fleire enn seg sjølve. Ofte kan det vere fornuftig å snakke med oss på golvet.

Beste helsing Ida Hareide  
Fagkoordinator buavdelinga